



Arkivnr: 2015/2151-22  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Ronny B Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015

### Tilskot til lokale kulturbygg 2015

#### Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg – finansiert med spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

I statsråd 24.4.2015 vert kr 96 234 000,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbygg. Dette er kr 28 810 230,- mindre enn i 2014. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 7 716 809,- til vidare deling til kulturbygg – både lokale og regionale. Dette er kr 2 266 793,- mindre enn tildelt i 2014. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omtrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert tildelt kr 4 088 996,- til lokale kulturbygg. Kvart år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2015 står det til disposisjon kr 205 976,- i rentemidlar. Samla beløp til deling for lokale kulturbygg 2015 er etter dette **kr 4 294 972,-**

Det vart 26 søknadar å handsame. 1 søknad utgår. Det vert eit spørsmål om å prioritere mellom godkjende prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen sin eigen prioritering. Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria

## Forslag til vedtak

KOMMUNE	SØKNAD	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Askøy	Herdla Fort Museum	3 000 000	548 950	500 000
Askøy	Strusshamn Kultursenter Fargeriet	5 955 000	500 000	Avslag
Askøy	Kleppe bedehus	9 240 000	1 000 000	Avslag
Askøy	Ask Menighetshus kultursal	930 000	310 000	Avslag
Austevoll	Vinnes aktivitetshus	82 400	27 000	Avslag
Austrheim	Austrheim Samfunnshus	212 000	70 000	70 000
Bergen	Kunstgarasjen, billedkunst	3 485 156	500 000	500 000
Bergen	S 12 Galleri og Verksted AS	2 573 750	1 000 000	500 000
Bergen	Wrap ved Stiftelsen History Disposal Uni	3 024 199	1 008 000	Avslag
Bergen	Ervingen Kulturhus AS	3 200 000	500 000	Avslag
Bergen	Kulturhuset sentrum	475 000	158 000	Avslag
Bømlo	Framtid for Lykling - kulturbygg kai	211 000	70 000	70 000
Bømlo	Fridtun kulturbygg	88 000	88 000	54 000
Fusa	Strandvik grendahus	1 134 649	378 000	340 000
Granvin	Musikkboks	464 800	220 000	Avslag
Granvin	Kulturbanken	5 367 000	600 000	500 000
Kvam	Storeteigen -museum	1 220 000	400 000	400 000
Kvam	Ålvik -folkets hus	265 352	88 450	Avslag
Kvinnherad	Kvinnherad ungdomssenter	4 429 791	1 000 000	400 000
Odda	Kjøkken i Skare Grendahus	650 000	250 000	217 000
Os	Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	1 724 255	575 000	200 000
Osterøy	Haus Mjeldalen Ungdomshus Lagerbygg	382 000	127 352	126 972
Radøy	Solheimmyrane nærmiljøanlegg/Breidablikk	500 000	200 000	167 000
Sund	Nordsjøfartmuseet i Telavåg, rehabiliteri	1 329 864	400 000	Avslag
Ullensvang	Nytt kjøkken i Grannatun på Sekse	805 628	282 000	250 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.06.2015

### Bakgrunn

Saka gjeld fordeling av tilskot for 2015 under fylkeskommunen si ordning for tilskot til lokale kulturhus, finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. For 2015 er det komen inn 25 søknadar. Alle søknadane fyllar krava til realitetshandsaming.

### Om ordninga

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg. I tillegg til ordninga med tilskot til lokale kulturbygg, har Hordaland fylkeskommune frå 2012 oppretta ei tilskotsordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Denne ordninga vert finansiert av fylkeskommunale midlar saman med spelemidlar tildelt gjennom desentralisert ordning for kulturbygg.

I statsråd 24.4.2015 vert kr 96 234 000,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbygg. Dette er kr 28 810 230,- mindre enn i 2014. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 7 716 809,- til vidare fordeling til kulturbygg – både lokale og regionale. Dette er kr 2 266 793,- mindre enn tildelt i 2014. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omtrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert tildelt kr 4 088 996,- til lokale kulturbygg. Kvar år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2015 står det til disposisjon kr 205 976,- i rentemidlar. Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2015 er etter dette **kr 4 294 972,-**

### Vilkår

Lokala må vere planlagd ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturbygg bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Følgjande kriteria vert lagt til grunn for fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg i Hordaland:

- kommunal prioritering
- kvalitet på søknad
- søknadsmasse frå dei einskilte kommunane i Hordaland
- innbyggjartal i kommunane

Søknadar som får tildeling inneverande år på delar av søknadssum, får ikkje automatisk dekkja restbeløpet det påfølgjande året.

### Kulturhuset Husnes, Kvinnherad kulturskule

Kulturskulen fekk avslag på sin søknad i 2014. Dei klaga på avslaget. KURE behandla og opprettheldt vedtaket, og saka vart sendt Kulturdepartementet. Kulturdepartementet opprettheldt avslaget, og sendte vedtaket 17. mars 2015. Kvinnherad mottok ikkje denne avgjerda før fristen for lokale kulturbygg 31. mars 2015. Kvinnherad kommune skriv difor: «Søknad fekk avslag i 2014 og vedtaket er klaga på. Klager er til behandling. Då klagen ikkje er ferdig handsama, vel vi å fornya søknaden i 2015»

Fylkesrådmann vurderer difor denne saka som ferdig behandla og vurderer ikkje denne søknaden. Søknad er såleis ikkje ein del av denne tildelinga.

### Vurdering:

Det vart 25 søknadar å handsame. 1 søknad utgår. Det vert eit spørsmål om å prioritera mellom kvalifiserte prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering. Det er og tatt omsyn til kva tilsvarande prosjekt har fått tildelt tidlegare.

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria

1. Askøy kommune – Herdla Fort Museum
2. Askøy kommune – Strusshamn Kultursenter Fargeriet
3. Askøy kommune – Kleppe bedehus
4. Askøy kommune – Ask Menighetshus kultursal
5. Austevoll kommune - Vinnes aktivitetshus
6. Austrheim kommune – Austrheim samfunnshus
7. Bergen kommune – Kunstgarasjen
8. Bergen kommune – S12 Galleri og Verksted
9. Bergen kommune - Wrap
10. Bergen kommune – Ervingen Kulturhus
11. Bergen kommune - Kulturhuset Sentrum
12. Bømlo kommune – Framtid for Lykling
13. Bømlo kommune – Fridtun kulturbygg
14. Fusa kommune – Strandvik grendahus
15. Granvin herad – Kulturbanken
16. Granvin herad – Musikkboks
17. Kvam herad – Storeteigen museum
18. Kvam herad – Ålvik Folkets hus
19. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter
20. Odda kommune – Skare grendahus
21. Os kommune – Os Seniorcenter (klagesak)
22. Osterøy kommune – Haus Mjeldalen Ungdomshus
23. Radøy kommune – Solheimmyrane nærmiljøanlegg/Breidablikk
24. Sund kommune – Nordsjøfartmuseet i Telavåg
25. Ullensvang herad – Grannatun Sekse

#### **Fordeling:**

##### **1. Askøy kommune – Herdla Fort Museum**

Askøy kommune søker om tilskot på kr 548 950,- til oppgradering av bygget. Kostnadssum på kr 3 000 000,-.

Museum Vest skal endre lokaliseringa frå Herdlevågen (dagens museum) til Herdla Fort i det nye signalbygget vist i planen «Opp i lyset». Samtidig skal dagens GUL16 (hangaren med Focker Wolf) innlemmast /omarbeidast slik at det blir en del av det nye bygget. Planen med det nye bygget er å lage et servicesenter/formidlingssenter på Herdla Fort som har både regional og lokal verdi. Dette vert eit nøkternt bygg som skal romme museets utstillingar, kafe/vrimleareal, friluftshus/ informasjonssenter/varmestue.

**Vurdering:** Fekk tildelt kr 451 050,- i 2014. Fylkesrådmannen tilrår støtte til dette tiltak og i 2015

**Tilråding:** kr 500 000,-

##### **2. Askøy kommune – Strusshamn Kultursenter Fargeriet**

Askøy kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering av bygget. Kostnadssum på kr 5 952 000,-.

Fargeriet er ein fleirbruks kulturarena som vil tilretteleggje til konserter, fortrinnsvis for rytmisk musikk, ulike typar framføringar, kurs og konferansebruk, til marknad for lokale varer og til støttefunksjonar for større arrangement i Strusshamn.

**Vurdering:** Fekk tildelt kr 500 000,- i 2014. Fylkesrådmannen tilrår ikkje meir støtte til dette.

**Tilråding:** Avslag

##### **3. Askøy kommune – Kleppe bedehus**

Kleppe bedehus søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering. Kostnadssum på kr 9 240 000,-.

Framtidas bygg vil få kafeteria + møterom, øvingsrom og scene med plass til 350. Det vert ein kulturell møteplass for kunst/musikk. Dei skal leggje vekt på lyd/billedanlegg og akustikk.

**Vurdering:** Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding:** Avslag

#### 4. Askøy kommune – Ask Menighetshus kultursal

Ask Menighetshus søker om tilskot på kr 310 000,- til utbygging og tilrettelegging for universell utforming med handicaptoalett. Kostnadssum på kr 930 000,-

Kultursalen brukas av barnekor, idrettslag, Fergebordet, konserter og andre kulturarrangement. Det er ingen begrensningar ovenfor kem og kva huset kan brukast til. Ask Menighetshus kultursal er eit av få samlingspunkt på Ask

**Vurdering:** Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

#### 5. Austevoll kommune – Vinnes Aktivitetshus

Vinnesvåg velforening søker om tilskot på kr 55 000,- til utbetring av bygningar. Kostnadssum på kr 82 000,-.

Midlane skal gå til skifte av diverse kledning og nye utelamper. Har i 2010, 2011 og 2012 fått tildelt totalt Kr 266 000,-.

**Vurdering:** Kostnadssum på denne søknad er under minstegrense for kostnadar til denne ordninga.

Søknad fell derfor utafør ordninga.

**Tilråding: Avslag**

#### 6. Austrheim kommune – Austrheim samfunnshus

Austrheim samfunnshus søker om kr 70 000,- til skifte av golv. Kostnadssum på kr 212 000,-.

Austrheim samfunnshus som er brukt av heile kommunen der ulike lag og organisasjonar er eigar. Ferdig i 1966 med 1300 kvm med stor sal og scene, garderobe, kafè, kjøkken og møterom. Behov for skifte av golv - har sege 10 cm i eine hjørne

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår støtte til dette.

**Tilråding: kr 70 000,-**

#### 7. Bergen kommune – Kunstgarasjen

Kunstgarasjen søker om tilskot på kr 500 000,- til ombygging av lokale i Møllendalsveien 15 – 2. etg..

Kostnadssum på kr 3 485 146,-.

Kunstgarasjen skal bygge om lokalar til formidlingssted for visuell kunst. Kunstgarasjen er et ideelt, kunstnarstyrt initiativ som arbeider for å auke kjennskap til og interesse for kunst, auke bruk og omsetning av kunst og bidra til å styrke kundane i regionen sitt innteksgrunnlag. Virksomheten skal romme skiftande utstillingar og formidling av kunst, og sal av kunst.

**Vurdering:** Prioritert som nr 1 av kommunen. Fylkesrådmannen tilrår støtte til dette prosjektet.

**Tilråding: kr 500 000,-**

#### 8. Bergen kommune – S12 Galleri og Verksted

S12 Galleri og Verksted søker om tilskot på kr 1 000 000,- til ombygging av lokale. Kostnadssum på kr 2 573 750,-.

S 12 er eit ressurscenter med spisskompetanse på arbeid med glas som kunstnerisk materiale. Har verksted, gjestekunstnarprogram, prosjekrom og galleri. Dei må bytte deler av lokalar dei nyttar i dag - dette krev ombygging og omorganisering av verksteds- og formidlingsareale. S12 mottar fast driftstilskot frå Bergen kommune og vurderast som eit viktig tiltak for samtidskunst.

**Vurdering:** Prioritet som nr 2 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen tilrår støtte til dette tiltaket

**Tilråding: kr 500 000,-**

#### 9. Bergen kommune – Wrap

Wrap søker om tilskot på kr 1 008 000,- til ombygging og oppgradering av lokalar. Kostnadssum på kr 3 024 199,-

Produksjonsarena for samtidskunst som driftast profesjonelt og ideelt av og for kunstnarar innan fleire sjangre, deriblant scenekunst, visuell kunst og musikk.

**Vurdering:** Prioritet som nr 3 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

**10. Bergen kommune – Ervingen**

Ervingen Kulturhus søker om tilskot på kr 500 000,- til heis for universell utforming og utskifting av vinduer. Kostnadssum på kr 3 200 000,- .

Tilbakeføring av fasade med utskifting av vindauger og innstallere heis for universell utforming.

**Vurdering:** Prioritet som nr 4 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding:** Avslag

**11. Bergen kommune – Kulturhuset Sentrum**

Kulturhuset Sentrum søker om tilskot på kr 158 176,- til Handicaptaolett, ombygging av toaletter og oppussing av bibliotekslokale. Kostnadssum på kr 474 529,- .

Kulturhuset Sentrum i Arna er eit av dei største privateide kulturhus i landet. Det er ein samlingsstad for møter, konserter, teaterframsettingar, fester, kafe, bibliotek, kurs, idrettslokale, kontorar. Alt dette som kan bidra til å fremme den kulturelle vekst i Arna og omegn.

**Vurdering:** Prioritet som nr 4 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding:** Avslag

**12. Bømlo kommune – Framtid for Lykling kulturbygg kai**

Framtid for Lykling søker om tilskot på kr 70 000,- til «gullgruvemuseum». Kostnadssum på kr 210 000,-

Framtid for Lykling har som føremål å sikra historiske forhold på Lykling, gjennom kystkulturen omkring kaiområdet samt gullgruveområdet og klebersteinsbrotet. Det er allereie samla inn ein del historie frå kystkulturen i form av bilete og gjenstandar frå fraktefarten i tidlegare tider. Det viktige sjøhuset, som står på kaien må ein no få sikra. Kaien er i dårleg stand, og det må gjerast eit betydeleg arbeid for å oppgradera denne. Dersom kaien «raser ut», vil den også ta huset, som står oppå med seg, og mykje av historia vil forsvinne

**Vurdering:** Prioritert som nr 1 av kommunen. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjektet.

**Tilråding:** kr 70 000,-

**13. Bømlo kommune – Fridtun kulturbygg**

Bømlo tur- og sogelag søker om tilskot på kr 54 000,- til restaurering av bygget. Kostnadssum på kr 160 000,-

Dette er landets eldste bevarte samlingshus. Huset er no innreidd til eit lite bygdemuseum, men er dessverre i dårleg stand. Det er svært mykje roteskade på kledning og reisverk og vindauga må renoverast. Heile restaureringsarbeidet må gjerast av fagfolk, dette er ikkje ein jobb ein kan gjera på dugnad. Ein må også gjera noko med fuktigheita i huset, då gjenstandane rustar og bøker/papir gulnar. Fridtun må totalrenoverast for å kunne nyttast til museum også i framtida.

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår å støtte dette prosjektet.

**Tilråding:** kr 54 000,-

**14. Fusa kommune – Strandvik grendahus**

Strandvik Samfunnshus A/L søker om tilskot på kr 378 216,- til rehabilitering. Kostnadssum på kr 1 134 649,-.

Strandvik grendahus skal rehabiliter og utvide kjøkkenet, samt installere varmepumpe og få ny skorstein. Grendahuset er ein samlingsstad for møter, fester, kino- og teaterframsettingar, konsertar m.m.

**Vurdering:** Fylkesmann tilrår støtte til dette prosjekt

**Tilråding:** kr 340 000,-

**15. Granvin herad – Kulturbanken**

Granvin næringsbygg søker om tilskot på kr 600 000,- til etablering av kulturdel i biblioteket i Gamle Banken. Kostnadssum på kr 5 367 000,-.

Gamle banken skal bli kultursentrum med kjerne Hardingfelemiljøet, frivillige og organisasjonar og biblioteket.

**Vurdering:** Fylkesmann tilrår støtte til dette prosjekt

**Tilråding:** kr 500 000,-

**16. Granvin herad – Musikkboks**

Granvin herad søker om tilskot på kr 220 000,- til prosjekt Feleboks. Kostnadssum på kr 464 800,-. Dette skal vere ei mobil boks på 9 kvm. Feleboksen skal vere spesialdesigna for akustikk for hardingfela. Og den skal vere utstyrt med komplett studioutstyr.

**Vurdering:** Fylkesmann tilrår ikkje å støtte til dette prosjektet da det fell utanfor denne ordning for tilskot der ein kan få støtte til faste installasjonar.

**Tilråding: Avslag**

**17. Kvam herad – Storeteigen museum**

Kvam herad søker om tilskot på kr 400 000,- til rehabilitering av Kvam bygdemuseum Storeteigen. Kostnadssum på kr 1 200 000,-.

Bygga på Storeteigen er frå 1661 og framover. Det vart etablert som museum i 1915. Nå må dei ha nytt universelt utforma toalett, oppgradere det elektriske anlegget og treng nytt kjøkken.

**Vurdering:** Dette er prioritert som nr 1 av Kvam herad. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt.

**Tilråding: kr 400 000,-**

**18. Kvam herad – Ålvik Folkets hus**

Ålvik arbeiderforening søker om tilskot på kr 88 4500,- til rehabilitering av kjellarsal. Kostnadssum på kr 266 352,-.

Folkets hus har Ålvik musikklag og Kor som faste leietakarar.

**Vurdering:** Dette er prioritert som nr 2 av Kvam herad. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling.

**Tilråding: Avslag**

**19. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter**

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til rehabilitering av ungdomssenter. Kostnadssum på kr 4 429 791,-.

Kvinnherad ungdomssenter er eit kommunalt drifta ungdomssenter i eigne lokalar i kjellaren på Kulturhuset Husnes. Ungdommar skal sjølv få utforme senteret og driva med aktivitetar dei sjølv ynskjer. Lokale er gamle og slitte med dårleg inneklima og lite tilrettelagt. Rehabiliteringa består i å byggja og innreia dei nye lokale og renovera og oppgradera eksisterande lokale. Det vert mogleg å leiga ut lokale til andre lag og organisasjonar i tidsromme då ungdomssenteret ikkje er ope.

**Vurdering:** Fylkesrådmannen tilrår å støtte dette prosjektet.

**Tilråding: kr 400 000,-**

**20. Odda kommune – Skare grendahus**

Odda kommune søker om tilskot på kr 250 000,- til påbygg og oppgradering av kjøkken. Kostnadssum på kr 650 000,-.

Oppgradering av kjøkken med eit påbygg på 15 kvm. Bygget driftast av lag og organisasjonar i Skare.

Bygget brukast av skule, idrettslag, Bygdekvinnelaget, 4H, Ungdomslaget med teatersatsing, bunadskurs, dansekurs, bingo, basar og korkafé

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt med 1/3 av kostnadssum.

**Tilråding: kr 217 000,-**

**21. Os kommune – Os Seniorsenter (klagesak)**

Os kommune søker om tilskot på kr 575 000,- til påbygg salong/heis. Kostnadssum på kr 1 724 000,-.

Os Seniorsenter skal ha påbygg som inneheld salong og heis. Formål å samle pensjonistar og andre til daglege samkomer og skaffe lokalar til ymse aktivitetar og tiltak som drivast av eldre og for eldre. Dei leiar fast ut lokale til Os Bridgeklubb, Gladdansen, politiske parti og språkkurs. I tillegg er det og utleige til fester og samkomer av ulike slag, basarar og konsertar.

**Vurdering:** Os kommune søkte i 2014 og fekk avslag. Dei klaga på avslag og fekk medhold i Kulturdepartementet. Fylkesrådmann finn å støtte tiltaket med kr 200 000,-

**Tilråding: kr 200 000,-**

**22. Osterøy kommune – Mjeldalen Ungdomshus**

Mjeldalen Ungdomslag søker om tilskot på kr 127 352,- til lager og kulisseverkstad. Kostnadssum på kr 382 000,-.

Grunna stor aktivitet spesielt på teater treng dei meir lagerplass. Dei ynskjer lager og kulisseverksted som eit ege bygg ved sida av Ungdomshuset. Huset vert bygd med stor portåpning så det kan brukast i forbindelse med utearrangement. Hovedfokus er å tilretteleggje for barne- og ungdomsaktivitetar (dans, teater og hobby)

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår å støtte dette tiltaket.

**Tilråding:** kr 126 972,-

**23. Radøy kommune – Solheimmyrane nærmiljøanlegg/Breidablikk**

Sæbø ungdomslag søker om tilskot på kr 200 000,- til modernisering av kjøkken. Kostnadssum på kr 500 000,-.

Sæbø ungdomslag er eit aktivt ungdomslag med ungdomshus som vert brukt til revyframsyningar, bygdefestar, diktkveldar, kunstutstillingar, utleige, basar osv.

**Vurdering:** Maks tilskot er 1/3 av totale kostnader. Kjøkkenet treng modernisering for å tilfredsstille dagens krav. Fylkesrådmann støttar dette tiltak

**Tilråding:** kr 167 000,-

**24. Sund kommune – Nordsjøfartmuseet i Telavåg**

Nordsjøfartmuseet søker om tilskot på kr 400 000,- til oppgradering av kjøkken og resepsjon. Kostnadssum på kr 1 329 864,-.

Museet treng ei oppgradering av sine fasilitetar for å imøtekomme alle besøkande. Kjøkken må moderniserast, og resepsjon må tydeleg signalisere tilbod når det gjeld museumsformidling, museumsbutikk og servering.

**Vurdering:** Nordsjøfartmuseet er eit konsolidert museum under Museum Vest og har og søkt tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Fylkesrådmann har innstilt på tilskot under denne ordning. Sjå eige sak. Fylkesrådmann tilrår å ikkje støtte denne søknad om tilskot til lokale kulturbygg

**Tilråding:** Avslag

**25. Ullensvang herad – Grannatun Sekse**

Grannatun Sekse søker om tilskot på kr 282 000,- til modernisering av kjøkken. Kostnadssum på kr 805 628,-.

Eit bygdehus som er mykje brukt av innbyggjarane i Børve/Sekse/Hovland.

**Vurdering:** Kjøkken er slitt og tungvindt etter dagens standard. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette tiltak.

**Tilråding:** kr 250 000,-